

SMÅVILTRIFLE

I 22LR, 22WMR OG 17HMR

Stadig fleire vil ha rifler med utskiftbare løp, og den nyaste av systemrifler er CZ 455. Vi har testa tre løp kamra for 22 LR, 22 WMR og 17 HMR.



CZ 455 kan ein få kjøpt i forskjellige versjonar, men den viktigaste forskjellen, utanom kaliber, er nok mest stokkform. CZ 455 American har klassisk stokk med rett kolbekam og vil nok vise seg å vere den versjonen som fell best i smak hos norske jegerar og skytterar.

Om ein samanliknar CZ 455 med tidlegare randtenningsrifler frå CZ, som 452, er sjølvsgatt viktigaste forskjell at med CZ 455 er det enkelt å skifte mellom løp kamra for forskjellige patroner. Dermed kan ein ha 22 LR løp for mengdetrening og 22 WMR eller 17 HMR til småviltjakt.

Eit stadig meir vanleg spørsmål er kva som er best av nye 17 HMR eller gamle 22 WMR. Og om det i det heile er vits i å kjøpe 17 HMR/22 WMR i tillegg

til 22 LR.

Denne nye CZ 455 er utstyrt med like nye Swarovski Z 3 3–12x42 – eit toppsikte. Saman med rifle og sikte kom Weaver 22 montasjer som passar spor i låskassa. Weaver 22 montasjen er billig, enkel og nær sagt simpel. Men så låg at hevarmen slepar litt mot okularet på Swarovski Z 3, slik at kjarpe ladegrep er vanskeleg å utføre.

Så til forskjellen mellom CZ 455 og 452: Enkelt skifte av løp og magasin – og dermed patron. CZ 455 har plass til 22 WMR og 17 HMR i magasin og mekanisme. Då 22 WMR magasin er lengre enn 22 LR må ein plastblokk fylle ut magasinbrønnen når 22 LR løp og mindre magasin er på plass. Montering/demontering av denne plasttingen er enkel, det

Med CZ 455 er det enkelt å skifte mellom 22 LR, 22 WMR og 17 HMR.



er bare å sette inn/trykke ut ein enkel bolt.

Løpskifte er og enkelt: De-

monter stokk og låskasse/løp med to skruar i underbeslag, skru så ut to skruar framme i underkant av låskassehals for å



God presisjon med CZ 455 22 LR og Lapua HP, avstand frå øvste skot på 50 m til nedste på 100 m er 15 cm.



løyse løp. Sett inn nytt løp, inn med festeskruar i låskassehals, låskasse inn i stokk, på med underbeslag/avtrekkerbøyle og skru til skjefteskruar. Enkelt og kjapt.

Stoppelokke viser at å skifte frå 22 WMR til 17 HMR eller motsett går på under fire minutt. Frå 22 WMR til 22 LR litt over fire minutt. Med bevisst trening går nok løpskifte endå kjappare, men fire minutt er vel fort nok.

Skjefteskruar er torx, skruar i låskassehals er umbrako. Nå til dags er skruar med gamaldags skrutrekkerspor snart verneverdige, men det er vel ikkje for mykje å forvente at skruar i ei og same rifle passar same verktøy?

Eit anna spørsmål er treffpunkt ved løpskifte – er treffpunktet likt, eller må siktejuste-

ring til for kvart skifte?

CZ 455 har kikkertsiktemontasje på låskasse og ikkje på løp, dermed kan treffpunkt endrast med skifte av løp. Så og med testrifla. Ved skifte mellom 22 LR og 22 WMR var det ikkje store justeringa. 17 HMR-løpet hadde eit heilt anna treffpunkt og måtte ha vel 30 knepp til høgre og 10 opp for å treffe der siktepunktet var.

At 22-løpa prestera likt treffpunkt, men ikkje 17-kaliber løpet er nok bare tilfeldigheit, og har ingen samanheng med kaliber.

Bortsett frå enkelt løpskifte, er CZ 455 typisk CZ/Brno salongrifle, sjølv om American-versjonen er relativt ny. Alt er klassisk og velkjent, som sikring på boltmuffe som låser direkte på tennstempel og enkelt, driftssikkert avtrekk med

kryp. Nå har ikkje testrifla det verste CZ-avtrekk eg har prøva, men krypfritt er det ikkje.

Avtrekksvekta er omtrent akseptabel, om enn kanskje litt tung, med vekt rundt to kilo. Mekanisme og ladegrep er klassisk CZ, litt rå og upolera. Men utvendig finish er god på både treverk og stål.

Så til testskyting. 17 HMR løp kom ferdig gjenga med halvtom 20 gjenger. 22 LR og 22 WMR utan gjenger – dermed måtte dei gjengast for test av demping. Første testskyting var med 22LR-løpet i CZ 455 med diverse patroner på 50 meter utan lyddemper, og så med ASE Ultra og Hausken SD 228.

Det var dei to første demparane eg fekk med halvtom 20-gjenger. Og som vanleg er samling med 22 LR skyting på 50 meter utført med tre femskot der dei to siste seriar er målt for samling.

Reint generelt gav matchpatronene betre presisjon enn jaktpatronene. Litt spesielt er det at Stinger gav små samlingar med lyddemper på CZ 455. Utan demper var Stinger minst presis.

Som kjent er utvalet i 22 LR-patroner svært stort, og testpatronene er litt tilfeldig det eg hadde til test – bortsett frå Eley matchpatroner som Schou importerar.


Testskyting CZ 455

Swarovski Z 4 3-10x42. Testskyting tre femskottsseriar på 50 meter frå benk, samling er gjennomsnitt av dei to siste femskot.

Utan demper:	Hastighet:	Samling:
Eley Club	327 m/s	21 mm
Eley Tenex	305 m/s	17 mm
Eley Super Match	321 m/s	32 mm
Lapua Subsonic HP	322 m/s	22 mm
Lapua HP	386 m/s	23 mm
Stinger HP	471 m/s	38 mm
Win. Laser HP	419 m/s	24 mm

ASE Ultra 22 RF:	Hastighet:	Samling:
Eley Club	326 m/s	18 mm
Eley Tenex	310 m/s	15 mm
Eley Super Match	318 m/s	20 mm
Lapua Subsonic	319 m/s	35 mm
Lapua HP	380 m/s	40 mm
Stinger	484 m/s	18 mm
Win. Laser HP	430 m/s	17 mm

Hausken SD 228:	Hastighet:	Samling:
Eley Club	326 m/s	14 mm
Eley Tenex	306 m/s	15 mm
Eley Super Match	321 m/s	13 mm
Lapua HP	381 m/s	24 mm
Win. Laser HP	436 m/s	17 mm
Stinger HP	484 m/s	18 mm



CZ 455 og CCI 40 grs TMJ 22 WMR prestera små samlinger, avstand frå øvste skot på 50 m til nedste på 100 m var bare 54 mm!

22 Winchester Magnum

Rimfire er lite kjent blant norske jegerar. Det er litt synd, for 22 WMR er ei anvendelig småviltpatron. Av ein eller annan grunn har 22 WMR litt frynsete rykte presisjonsmessig. Kva grunnen er til det, veit ikkje eg – dei få 22 WMR-rifler eg har prøva er eksempel på det motsette.

Kva er det så av meir eller mindre fornuftige argument for å kjøpe seg 22 WMR?

I forhold til 22 LR er har 22 WMR mykje flatare kulebane og treffpunkt er svært lite vekk frå siktepunkt opp til 100 meter. Patronutvalet er sjølvsgatt mykje mindre enn i 22 LR, men 22 WMR har både lette og letteks-panderande kuler i relativt høg hastighet, normale 40 grs HP og SP og tunge Federal 50 grs HP for den som vil ha ekspansjon og effekt men lite ødelagt fuglevilt. Til jakt på mindre fuglevilt er CCI 40 grs TMJ butt heilmantel.

22 WMR har snill smell og omtrent ingen rekyl, men presisjon og kulebane som duger til småviltjakt opp til 100 meter. For treningsskyting og mengdetrening på 100 meter er 22 WMR enklare enn 22 LR i kulebane og vindavdrift, og billigare

enn 6,5x55 i patronkostnad: Federal 50 grs HP kostar kr 2,50, CCI 40 grs TMJ kr 2,60.

Så presisjon. Her er det bare å la seg imponere av CZ 455 22 WMR! Gjennomsnitt for tre treskotts-seriar med ALLE testpatroner på 100 meter er 22 mm! Dårlegaste gjennomsnitt av tre treskotts-seriar er raske CCI TNT HP med 25 mm gjennomsnitt. Best er tunge Federal 50 grs HP med 19 mm. Men presisjonen er så jamt god at det er nok meir tilfeldig kva patron som presterer eit par mm større eller mindre samling her.

Dette er utruleg godt. Det er omtrent så at ein må sjå det sjølv for å tru det. Nå trur eg ikkje at alle CZ 455 22 WMR presterer like god presisjon, det er ikkje praktisk mogeleg. Det er heller ikkje alle 6,5x55 eller 223 Remington-rifler som er stand til å kopiere denne presisjonen med åtte forskjellige patroner.

Men testrifla er den som er testa her – og den ER presis! Nokre femskotts-seriar på 100 meter måtte prøvast, og sjølvsgatt var ikkje femskottssamlingane like små som treskottssamlingane. Men Federal 50 grs HP enda på 20 mm.



Det er forskjell på både hol og kulediameter på holspiss i 17 HMR og 22 WMR!

Testskyting CZ 455 i 22 WMR

Gjennomsnitt av tre treskotts-seriar.

Patron:	Hastighet:	Pres. 50 m:	Pres. 100 m:
CCI 30 grs Polymer Tip	662 m/s	10 mm	22 mm
CCI TNT HP	685 m/s	14 mm	25 mm
CCI 40 grs TMJ	596 m/s	12 mm	21 mm
Federal 50 grs HP	485 m/s	13 mm	19 mm
Remington 33 grs V-Max	626 m/s	13 mm	22 mm
Remington 40 grs JHP	563 m/s	14 mm	24 mm
Remington 40 grs PSP	565 m/s	11 mm	21 mm
Winchester 40 grs HP	576 m/s	13 mm	23 mm

5 skot på 100 meter:

Patron:	Presisjon, 100 meter:
CCI 30 grs PT	34 mm
CCI TNT HP	40 mm
CCI 40 grs TMJ	35 mm
Federal 50 grs HP	20 mm
Remington 33 grs V-Max	26 mm
Remington 40 grs PSP	33 mm

17 HMR er ny og mange har lyst til å kjøpe, prøveskyte og jakte med denne finkalibra randtenningspatrona. 17 HMR passer i same CZ 455-magasin som 22 WMR, og funksjon i ladegrep og utkast er like god. Det er alt i alt skote nær tusen skot med testrifla – utan klikk, forking, hylseheng eller andre problem.

I 17 HMR var patronutvalet lite. Dei einaste eg fekk tak i til testskyting var CCI 20 grs FMJ og CCI 17 grs TNT HP. Og om 22 LR, og ikkje minst 22 WMR imponera med presisjon, er samlingane 17 HMR-løpet presterer i denne CZ 455-en smått utrulege.

Nå skal det seiast at skyteforholda denne testdagen var perfekte for lette kuler i ikkje alt for høg hastighet; lettskyet, pent ver. Ikkje eit vindpust som kunne rikke 17/20 grs 17-kaliber kuler på sin veg mot skiva. Som landa i små treskotssamlingar.

17 HMR CCI 20 grs FMJ presterer gjennomsnitt på 16 mm, CCI 17 grs TNT HP 17 mm. Femskot på 100 meter gav 31 mm med CCI 20 grs FMJ og 36 mm for CCI 17 grs TNT. Fleire kommentarar om presisjon med 17 HMR løp i CZ 455 er vel overflødig? ●



Flott niskotsamling med tre skot på 50 m, tre på 70 og tre skot på 100 m med CZ 455 17 HMR og CCI 20 grs FMJ!

Testskyting CZ 455 i 17 HMR

Gjennomsnitt av tre treskotseriar

Patron:	Hastighet:	Pres. 50 m:	Pres. 70 m:	Pres. 100 m:
CCI 20 grs FMJ	737 m/s	12 mm	14 mm	16 mm
CCI 17 grs TNT HP	792 m/s	14 mm	15 mm	17 mm

Fem skot på 100 meter

Patron:	Presisjon, 100 meter:
CCI 20 grs FMJ	31 mm
CCI 17 grs TNT HP	36 mm

9

- + Enkel og presis
- + Litt rå og upolera i avtrekk og mekanisme
- = Rimelig systemrifla for randtenningspatroner



Det var betre utval i 22 WMR enn 17 HMR patroner til denne testen.

CZ 455 American

Vekt: 2,8 kg
Løpslengde: 52,5 cm
Totallengde: 97,5 cm
Avtrekksvekt: 2 kg, litt kryp.
Anmerking: 5 skots plastmagasin. Kan kjøpe 10 skot magasin. Rett, klassisk stokk. Sikring på boltmuffe. 3/8" montasjespor på låskasse
Importør: Schou Våpen AS www.schouvapen.no

PRISER

CZ 455 American 22 LR: 4490 kroner
CZ 455 American 17 HMR, 22 WMR: 4990 kroner
Løp med gjenger, utan sikte 22 LR: 1390 kroner
Løp med gjenger, utan sikte 17 HMR: 1390 kroner
Løp med sikte 22 WMR: 1590 kroner
Swarovski Z 3 3-10x42: 12 890 kroner

Med Swarovski Z 3 3-10x42 i Weaver montasjer vart det trangt for hevarmen.

